

**Arkiv:** FE-037  
**JournalpostID:** <jplD> 20/11642  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 28.02.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
014/20	Alver formannskap	12.03.2020
	Alver kommunestyre	

### **Endringar i kommunale selskap - Lindås Tomteselskap AS og Meland Utbyggingsselskap AS Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre bed Lindås Tomteselskap As om å, på vegne av Alver kommune, utarbeide ein fusjonsplan som skal vedtakast av Lindås Tomteselskap AS og Meland Utbyggingsselskap AS – og om å gjennomføre denne fusjonsplanen.

Lindås Tomteselskap AS skal overta Meland Utbygging As sine eigendelar, rettar og pliktar utan vederlag.

#### **Alver formannskap 12.03.2020:**

##### **Behandling:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

##### **FO- 014/20 Vedtak:**

Alver kommunestyre bed Lindås Tomteselskap As om å, på vegne av Alver kommune, utarbeide ein fusjonsplan som skal vedtakast av Lindås Tomteselskap AS og Meland Utbyggingsselskap AS – og om å gjennomføre denne fusjonsplanen.

Lindås Tomteselskap AS skal overta Meland Utbygging As sine eigendelar, rettar og pliktar utan vederlag.

##### **Politiske handsaming**

Saka skal avgjerast i kommunestyret

##### **Bakgrunn**

Fellesnemnda vart i sak 025/19 - Eigaskapsmelding Alver kommune 2019, orientert om Alver kommune sine selskap, kommunale foretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser/tilsvarende interesser i.

Denne meldinga vil danne grunnlag for utarbeiding av ny Eigarsstrategi for alver kommune. Framdrifta på dette arbeidet vil verte avklart i samband med vår nye planstrategi, som skal handsamast før sommaren 2020.

For å styrke krafta og ikkje påføre selskapa meir driftsutgifter enn naudsynt, ynskjer rådmannen å leggje til rette for at selskapa kan fusjonere i 2020.

**Saksopplysninger:**

Meland utbyggingsselskap AS (org nr 929198891) formål: Tileigning, tilrettelegging og sal av fast eiendom med eller utan påståande bygg i Meland kommune. Selskapet kan vidare føre opp bygg til ulike føremål i samråd med kommunen. Finansiere stillinga til næringskonsulent i Meland kommune.

Lindås Tomteselskap AS (org nr 936838677) formål: gjennomføre kommunen sin utbyggingsspolitikk. Med utgangspunkt i kommuneplanen sin arealdel skal Lindås Tomteselskap kjøpe råareal innanfor aktuelle utbyggingssområde, investere i infrastruktur og på den måten tilretteleggje areal til bustad, næring og offentlege føremål. Lindås Tomteselskap As skal vere ein betydeleg leverandør av ferdigstilte bustadtomter i kommunen, og med eit tilbod på bustadtomter i dei fleste skulekrinsane.

Som det fremgår av føremåla til selskapa er dei nokså samanfallande, sjølv om Lindås Tomteselskap sitt føremål er tydelegare omtala og meir omfattande beskrive.

Ved å slå saman desse to selskapa vil kommunen ha eit verkemiddel, som med utgangspunkt i ny samfunnsdel til kommuneplanen og eksisterande KPA frå Lindås, Radøy og Meland, vil være eit relevant verkemiddel for å gjennomføre Alver kommune sin politikk på området.

I forlenginga av denne saka vil det være hensiktsmessig at selskapet, i samarbeid med eigar, oppdaterar vedtektane for Lindås Tomteselskap As med nytt namn på selskapet og geografisk verkeområde. Ei bestilling knytt til eventuelle endra formål for selskapet, vert å kome attende til etter at Alver kommune har vedteke ny eigarstrategi.

Som ei følgjen av at begge selskapa er 100% eigd av Alver kommune, kan kommunestyret gjere vedtak i saka.

Lindås Tomteselskap AS er føresput om dei kan ta på seg oppdraget med å gjennomføre dei naudsynte oppgåvane, og har sakt seg villige til dette.

Link til aksjeloven § 13-24: <https://lovdata.no/lov/1997-06-13-44/§13-24>

Link til eigerskapsmelding Alver kommune:

<https://innsyn.sing.no/alver/innsyn/wfdocument.ashx?journalpostid=2019000060&dokid=1325470&versjon=1&variant=A&>